

Hallingdalselva 1A

Ål Elvefiskeklag har sone A frå Vangebrua i vest til Tingvollfjorden i aust, med unntak av Opsjø – eiga sone. Mange fine fiskeplassar, nokon også tilrettelagt for rørslehemma.

Tilkomst: Hovudtilkomst er langs Rv7
Sesong: 01.01 – 15.09

Bergsjøkortet

Bergsjøkortet er eit felles fiskekort som gjeld i store deler av Bergsjøområdet. Då kan du fiske i meir enn 20 vatn og tjern i området.

Tilkomst: 3 km austover for Ål sentrum, ta av frå Rv7 mot Bergsjøområdet. Følg Fv 2930 i ca 25 km til stor p-plass (Slakteplassen) eller Bergsjøstølen Fjellstue.
Sesong: 01.06 – 19.09

Buhovdvatnet,

Fjellfiske på Oppheimsåsen og Nordre Øknevatni I desse tre områda på Torpoåsen kan du fiske i variert terreng.

Tilkomst: ca 10 km austover for Ål sentrum, ta av mot Torpo Stavkyrkje. Ved stavkyrkja ta vegen opp til Oppheim. Følg ein av fjellvegane innover til fiskevatna. Bomveg.


Sesong: Oppheimsåsen og Nordre Øknevatni 01.05 – 01.10

Buhovdvatnet: 01.01 – 31.12

Fødalen statsallmenning


Her kan du fiske i eit vakkert kultur- og landskapsvernområde i flott høgfjellsnatur.

Tilkomst: 3 km austover for Ål sentrum, ta av frå Rv7 mot Bergsjøområdet. Følg Fv 2930 igjennom Votndalen, Leveld og Vats i ca 24 km. Følg deretter Tovikvegen i ca 26 km. I vegkryss ved Tvist, hald til høgre. Bomveg. **Sesong:** 01.01 – 31.12

Kvinda sone 1 Her kan du  fiske i krystallklart vann med lys sandbunn.

Kvinda sone 2 Sone 2 ligg på begge sider av sone 1. Frå Stokksennvatnet til Rudhølen og frå Jøtholen til Hallingdalselva.

Tilkomst: ca 2 km vestover frå Ål sentrum. Ta av frå Rv7 til høgre og følg skilting til Bakketeigen/Ål Folkehøgskule. Kjør forbi folkehøgskula, igjennom bommen og følg vegen innover. Her er det lett tilkomst til Kvinda fleire plassar. Bomveg.

Sesong: 01.06 – 20.09 

Rødungen Nord

Flott høgfjellsvatn ved inngangen til Nordfjella.

Tilkomst: 3 km austover frå Ål sentrum. Ta av frå Rv7 mot Bergsjøområdet. Følg Fv 2930 i ca 24 km til stor p-plass (Slakteplassen). **Sesong:** 16.06 – 05.09 og isfiske 01.01 – 09.05

Svartetjern

Godt fiske i stille og fredfullt skogsområde, med mange fine fiskeplassar, på Liagardsåsen.

Tilkomst: 3 km austover for Ål sentrum, ta av frå Rv7 mot Bergsjøområdet. I første sving på Fv 2930, ta til høgre mot Liatoppen. Kjør opp Liagardane og følg deretter fjellvegen mot Åsetno.
Sesong: 20.06 – 01.09

Øvre-Vatsfjorden

I Øvre-Vatsfjorden kan du fiske både summer og vinter. Lov å fiske vest for raud/kvit grensepåle.

Tilkomst: 3 km austover frå Ål sentrum, ta av frå Rv7 mot Bergsjøområdet. Følg Fv 2930 i ca 20 km, til øvre del av Vatsfjorden.
Sesong: 01.01 – 31.12

Veståsen

Gode fiskemoglegheiter i 6 fiskevatn.

Tilkomst: Kjør opp Vestlia frå Ål stasjon. I stor sving følg merking enten mot Bosset eller mot Nyset/Randitjorn, alt etter kvar du vil fiske. Bomveg. **Sesong:** 01.04 – 15.09

Votna

Fiske i elva Votna, igjennom Leveld og Votndalen. Frå om lag 1 km aust for utløpet frå Vatsfjorden. Vanskeleg terreng i nedre del av elva.

Tilkomst: 3 km austover frå Ål sentrum, ta av Rv7 mot Bergsjøområdet. Følg Fv 2930 til Votndalen/Leveld. Fleire stigar er merke med treskilt utforma som ein fisk, frå vegen til elva. **Sesong:** 15.05 – 19.09

Fetjorni

Fint fiskevatn på vegen opp til Votndalsåsen. Skogsterreng med mange fine fiskeplassar.

Tilkomst: 3 km austover frå Ål sentrum, ta av frå Rv7 mot Bergsjøområdet. Følg Fv 2930 i ca 3 km. Ta av til høgre og følg Votndalsvegen, deretter Skrindovegen og så inn på Åsetnovegen. Følg denne fjellvegen innover og ta av ved skilt til Kinnkroken. Ta deretter andre avkjørsel til høgre med skilt til Magitbakken. Flere parkeringsmuligheter etter vegen eller i Margitbakken.

Fiskekort via Vipps, nr 41 23 83 24.

Sesong: 20.06 – 01.09.

Hallingdalselva sone 1B

Sone B går frå utløpet av Tingvollfjorden til Trillhus ved grensa til Gol, med unntak av sørsida av elva frå Langhølen i vest til Gol grense, og eit område nordvest for Tuftøyni. Fine fiskeplassar lags heile elva. Fiskekort via Vipps, nr 60 71 93.

Tilkomst: Hovudtilkomst er langs Rv7.
Sesong: 01.01 – 15.09

Lauvdalen

På vegen mellom Leveld og Hemsedal. Omfattar Klypetjern, Dammen og Lauvdalsåna. Fiskekort i sjølvbetjeningskasse ved vegen, like etter Lauvdalen.

Tilkomst: 3 km austover frå Ål sentrum, ta av frå Rv 7 mot Bergsjøområdet. Følg Fv 2930 igjennom Votndalen og til Leveld. Ta av frå Fv 2930 ved stort returpunkt, litt etter Leveld Kunstnartun, på høgre side, og skilt mot Hemsedal. Følg denne vegen til sjølvbetjeningskasse i Lauvdalen. Bomveg.
Sesong: 20.06 -19.09

Lya på Votndalssida

Elva Lya ned til Torsteinslåtta. Frå Kylleshamaren og nedover er det kun fiske på sørsida av elva. Fiskekort i sjølvbetjeningskasse ved Lyabraua eller ved bomkasse på Fekjastølan.

Tilkomst: 3 km austover frå Ål sentrum, ta av frå Rv7 mot Bergsjøområdet. Ta av til høgre i første sving, mot Liagardane, eller følg Fv 2930 og køyr om Åsetno eller Fekjastølvegen.
Sesong: 20.06 -01.09

Rødungen Sør

Det er lov å fiske berre sør for Sundet. Fiskekort i sjølvbetjeningskasse ved steintippen på Tullestølen.

Tilkomst: Ca 10 km vestover frå Ål sentrum. Ta av til venstre i Kleivi Næringspark. Følg Sangefjellvegen til Tullestølen. Bomveg.
Sesong: 15.06 – 19.09

Søre Reine

Omfattar vatna Staurtjern, Smørtjern og Øksetjern. Fiskekort i sjølvbetjeningskasse på stølen Reine.

Tilkomst: 3 km austover frå Ål sentrum, ta av frå Rv7 mot Bergsjøområdet. Følg Fv 2930 igjennom Votndalen og til Leveld. Ta av frå Fv 2930 ved stort returpunkt, litt etter Leveld Kunstnartun, på høgre side, og skilt mot Hemsedal. Ta av ved avkjøringa til Reine. Bomveg.
Sesong: 20.06 – 19.09

Toviken

Strandsone langs Djupsvatnet mellom utløpet frå Mjølga og utløpet frå Fossbrekka. Fossebrekka frå austbreidda og Mjølga frå vestbreidda, nedre del av Store Klevavatnet. Fiskekort i sjølvbetjeningskasse etter brua over Mjølga.

Tilkomst: 3 km austover frå Ål sentrum, ta av frå Rv7 mot Bergsjøområdet. Følg Fv 2930. igjennom Votndalen, Leveld og Vats i ca 24 km. Følg deretter Tovikvegen i ca 26 km. I vegkryss ved Tvist, hald til høgre. Bomveg.
Sesong: 01.01 – 19.09



FISKE

ÅL I HALLINGDAL

2021

Hallingdal Trykk AS

Foto: Vegard Breie

VISITAL.no




Ørret- og røyefiske
i Vatsfjorden




Ørretfiske
i Svarttjern



Stangfiske
i Fødalen
statsalmenning



Fjellfiske på
Oppheimsåsen



Ørretfiske i
Buhovdvatnet




Rødungen



Bergsjøkortet



Nordre
Øknevatni



Aurefiske
i Votna



Stangfiske i
Hallingdalselva



Ørretfiske
i Kvinda,
Sone 1



Ørretfiske
i Kvinda,
Sone 2



Ørretfiske i Ål
Veståsen